

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Einar Ulla, SEK

Forvaltningsrevisjon – Innkjøp, oppfølging av tiltak

Viser til FT-sak 2/18 i møte 17.04.2018 Forvaltningsrevisjon av innkjøp – Revisjonsrapport. Det vart gjort følgjande vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning
2. Fylkestinget ser alvorleg på dei avvika som kjem fram i forvaltningsrevisjonen. Fylkestinget meiner og at fylkesrådmannen ikkje har orientert politisk nivå om kapasitets- og ressurs-situasjonen i innkjøpstenesta på ein tilstrekkeleg måte.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik:
 - a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk
 - b. syte for at rutinar og retningslinjer er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
 - c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen
 - d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
 - e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekkje brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
 - f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
 - g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekka i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane
 - h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region
 - i. sikre tydelegare krav til bestillar rolla i den nye regionen.
 - j.
4. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å løfte desse to siste punkta inn i det førebuande arbeid som pågår i høve etablering av den nye fylkeskommunen.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018.

Fylkesrådmannen rapporterer med dette tilbake til Kontrollutvalet, jf. pkt. 5 over, og viser til vedlegg. Alle tiltaka er anten utførte eller i ferd med å bli utført.